Emnenr. 12. Fylke: Sogn og Fjordane
Emne: Gamal engkultur. Herad: Selje–Vågsøy.

Oppskr. av
WILHELM KVALHEIM
LEKTOR
VOLDA

1. Innmarka var bönen, på böna.
Og der var langhøymark og småmark
– småhøy. Utslåttane var i berget
(bratte lier ovanfor eller til sides med
innmarka. Dei var ikkje inngjerda).
„å slå Berget", „å slå i Berja".
Ei åker var eit engstykke som
var attlagt. „Ei attelège" var
nyleg attlagt. Ender let då berre
åkeren ligga utan sånad, og
let gro det som ville. Sidt
hadde der vakse korn.
Utslåttane var alltid stuttare –
slette. For der var mykje steinar og
svært ujamn mark.
2. Det fanst ikkje skogvaks i slike
utslåttar. Der vart aldri møkt
eller gjødsla. Dei sa at graset
sto so lenge der utover hausten,
etter at alt heime var slege,
at det rotna og gjødsla på
den måten seg sjølv.
3. På mosevaksen eng raka dei
mose og bar under grisen til
bol. So stråde dei med oske.
eller nytta tang og tare
Å så grasfrø var ukjent her
frå gamalt. Grasfrø i löda

raka dei låg på og gav kyrne.

4. Grøfting var ukjent til 1880=åra. Det var difor mykje vassjuk eng. Soleihoven (Caltha palustris) lyste lang veg frå flate myrar. Vatning av eng ukjent. Turka marka opp, og turka ogso bekkene, og berre brunnane (små kjelder) heldt vatn. Og kva nytta det til engen?

5. Dei hadde mykje krøter, so det vart mykje gjødsel. Og so vidt eg minnest frå min barndomsbygd, og det eg såg seinare andre stader, gjødsla dei alle åkrane og all enga med vintergjødsel. Utslåttane vart aldri gjødsla. Sauemøka (smalemøkin) nytta dei på smaamarka (småhøy). Når møka var breidd og raka var det mykje alle stader so det var uråd å setja eller fot ned utan å trakka på møk. Sidan „rudde“ dei marka, raka saman det som var turka og låg att. Det tømde dei i landdammen under fjøsgolvet eller utanfor dungedøra („Møkedungsøgla.“) So vart det god gjødsel att. (Sume nytta det og til brensel – som på Island)

6. Dei som ikkje gjødsla all enga,

4338

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kunne tala om „tødeengi":
Elles var det langhøy og små-
hei, som gjerne hadde stål
kvar for seg. Småhøyet var
smalefôr.

7. Husa stå ofte på ein bakke,
so det renn frå møkedungen.
Men føremålet var visst ikkje
dette. Huset skulle aldri stå
i ei myr - på vätlende. Og
so bar mange både høy og
møk på ryggen. Og dei sa:
det er lettare å bera høyet
mot bakken, enn å bera
møka. Men det var van-
leg at all møka låg utan-
for fjøsluka, „dongedøra".
Og so renn det nedover. Sume
nytta det bevisst fram frå
møkedungen.
At det skulle siga gjødsel frå
åkrane til enga hev eg ikkje
høyrt. Men at det voks mykje
gras på åkerreinene var
kjent.

8. Dei gjødsla om våren. Men
ikkje før marimess. Om
gjødslinga hev eg gjort greide
2/2 1949 i nr. 13 „Gjødselstell".

9. Om våren so snart kyrne vart
~~kys~~ løyste ut, fekk dei beita på
innmarka og gjætte på bøen el
mark, inntil graset var kome

4338

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

bu i vokster, då batt dei „oppom garden" (i utmarka). Når alt var komi i hus om hausten, vart det „slept på bø"; Då kunne krøtera gå kvar dei ville - kvers over alle grannane si mark, og lenge kvar ville sleppa dei ut. Gjætselen teikte ein ikkje på. Det var for å spara på innefôret. Ingen luti av enga kunne fredast. At sauene beita i utslåttane av sumaren, kunne ingen hindra.

10. Sidan alt vart utskift, og kvar har fått sitt stykke i eitt, har det vorte slutt med vår- og haustbeitinga. Og kvar råder for seg sjølv. Dei kan nok gjæta kyrne på „hôvia" ei tid om hausten, og lata sauene gå ute ei tid. Elles dei bind kyrne på „hônå" utanom hausten.

11. Ingen rørte „kuruene" på beitet. Dei låg som dei var lagde.

12. Dei fleste gardane hadde ein gardfjås tett ved eller i bøgarden. Der batt dei inn kyrne i sumartida når det var stygt ver. Måka her nytta dei på enga.

4338
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sume hadde ei kvíe attmed
gardfjøsen. Setrar fanst
ikkje i Selje - Vågsøy.

13. | Inngjerdingar, faste eller
14. | flyttande, til nattstad for
15. | krøtera - heilt ukjent her.

16. I den tida det var ūdyr (fôre 1850-åra) heldt dei nakt i gardfjøsane.

17. Heil ukjent.

18. — " —

19. Ei kvíe var eit steingjerda innlegg frå utmarka, nytta til kultur-beite, eller gjødsla opp og slege som annan eng.

20. Ingen setrar.

21. Andre gjødselslag: fiskeavfall, tang, oske. (Sjå "Gjødselstell" nr. 13.).

*

Nyland dyrka dei opp 1) med å plukka ut steinane som ein kunne få burt med grev eller jarnstaur, og jamna ut tuer, og so gjødsla. Store steinar let ein liggja.
2) å flå av grastorva, rota i det som under var, og so leggja torva ned att og gjødsla. På leg all enga er gjort til god grasmark på denne måten. Og eg har sjeldan sett so tett grasvakster som her.

4338

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING